


Utviklingsplan 2024-2028

Framlegg til høyring



Stad kommune
sin kommunal
planstrategi

1 Innleiing – Slik er utviklingsplanen bygd opp

Det går fram av plan- og bygningslova kapittel 10 at kommunestyret skal utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi seinast eitt år etter at kommunestyret er konstituert. Denne utviklingsplanen utgjer Stad kommune sin planstrategi for 2024 – 2028.

Den kommunale planstrategien er ikkje ein plan, men ein arena for å drøfte utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon, som grunnlag for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden.

Arbeidet med kommunen sin utviklingsplan som planstrategi er lovstyrta gjennom folkehelselova og plan- og bygningslova (pbl.). Lovene set krav til både grunnlagsdokument og drøftingstema, men slår samstundes fast at kommunen si planlegging skal vere behovsstyrta og ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig. Dette prinsippet er nedfelt i pbl § 3-1 tredje ledd.

Som grunnlag for arbeidet med planstrategien, set folkehelselova §§ 5 og 6 krav om at kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorar som kan virke inn på denne. Oversikta skal inngå som grunnlag for arbeidet med communal planstrategi, og kommunens folkehelseutfordringa bør inngå i planstrategien. Dokumentet «Status og utviklingstrekk for samfunnet vårt» ligg som eit eige vedlegg til utviklingsplanen.

Det går vidare fram av pbl. § 10-1 første ledd at planstrategien «*bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenas virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden*». Det er vidare lagt til grunn i pbl. § 10-1 tredje ledd at kommunestyret ved behandling av planstrategien skal ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller deler av denne skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar.

Planstrategien er også eit eigna verktøy for å vurdere kommunens plansystem, planressursar og samla planbehov i kommunestyreperioden knytt til kommunedelplanar, tema- og sektor(fag)planar, jf. nasjonal rettleiar for Kommunal planstrategi. Utviklingsplanen for Stad kommune er bygd opp ut i frå desse nemnde utgangspunkta.

Dei strategiske vegvala vert drøfta og presentert i denne utviklingsplanen, medan drøftinga av planbehovet vert gjort i dokumentet «Vurderingar av planbehov - Grunnlagsdokument planstrategi 2024 – 2028». Sistnemnde dokument vil følgje utviklingsplanen som eit eige vedlegg.

Førande for Stad kommune si vurdering av planbehov i kommunestyreperioden vil elles vere FN sine berekraftsmål, dei nasjonale forventningane til regional og communal planlegging, og Vestland fylkeskommune sine regionale planar. Hovudtrekka i dei nasjonale og regionale føringane er presentert i eit eige dokument som ligg vedlagt denne utviklingsplanen, omtalt som «Forventningar til kommunen si planlegging - Grunnlagsdokument Utviklingsplan 2024 – 2028».

2 Prosess

Oppstart av arbeidet med planstrategien (utviklingsplanen) vart vedteken haust 2023 (KS- 24/007). Prosjektplanen som ligg ved saka, skildra korleis vi la opp arbeidet med utarbeiding av planstrategien. Prosjektplanen sikra lik forståing for kva kommunen ønskjer å oppnå gjennom ny planstrategi.

Som første ledd i planstrategiprosessen starta arbeidet med oppdatering av kunnskapsgrunnlag og folkehelseoversikt. Parallelt med utarbeiding av kunnskapsgrunnlag låg vi opp til ein medverknadsprosess då politikarane, råda, administrativ leiinga og einingsleiarane gjennomførte arbeidsverkstadar med fokus på hovudutfordringar og moglegheiter i Stad kommune. Formålet med arbeidsverkstadane var å drøfte kommunens hovudutviklingstrekk, å få felles problemforståing og forankre planstrategiprosessen. I arbeidsverkstadane jobbar vi med disse spørsmåla:

- 1.) Kva er særleg viktige utfordringar og moglegheiter å gripe tak i?
- 2.) Kva satsingsområde skal Stad kommune ha, basert på dei hovudutfordringar og moglegheiter som blei drøfta?

Konklusjonen frå arbeidsverkstadane supplert med hovudfunn frå kunnskapsgrunnlag og folkehelseoversikt dannar kapittel 3 – Sentrale utviklingstrekk.

Å få innsikt i og drøfte kommunens utvikling og utfordringar er ein viktig forutsetning for at politikarane skal kunne gjere prioriteringar på vegne av kommunen. Satsingsområda i kapittel 4 speilar hovudutfordringar og moglegheitsrom, og viser prioriteringane i planperioden.

3 Sentrale utviklingstrekk

- 1.) **Demografiske endringar** vil utfordre oss sterkt. I 2040 vil Stad kommune ha vel 87 % fleire innbyggjarar over 80 år, men allereie i 2025 vil Stad kommune ha fleire eldre enn barn.



Generelt sett vil Stad kommune oppleve ein befolkningsnedgang i åra framover, men befolkningsutviklinga vil treffen geografisk ulikt. Behovet for helse- og omsorgstenester vil auke sterkt i åra som kjem, med dertil auka behov for tilsette innan helse og omsorg. Kommunen blir sårbar når det gjeld velferdstenester og arbeidskraftstilgang.

- 2.) **Næringsutvikling og grøn omstilling.** Stad har samla sett hatt låg næringsattraktivitet og verdiskaping. Arbeidsplassutviklinga har vore omrent konstant sidan 2000, men med fleire arbeidsplassar i offentleg sektor og færre i næringslivet. Manglande vekst skuldast strukturelle forhold og bransjestruktur, og derfor er eit regionalt perspektiv på



næringslivet, arbeidsmarknaden og kompetanse viktig. Forsking viser at ein kommune kan auke si eiga befolkningsutvikling gjennom å bidra til arbeidsplassvekst i nabokommunen. Det er viktig for Stad kommune at pendlarkommunane har god næringsutvikling. Stad si plassering midt i Nordfjord gir oss tilgang til ein relativt stor og variert arbeidsmarknad, og gir også næringslivet tilgang på arbeidskraft. Nordfjord har fire av dei sju største tettstadane i tidlegare Sogn og Fjordane. Korte avstandar til kommunane på Sunnmøre gjer at mange også pendlar på tvers av fylkesgrensa. Næringsregionen har fleire bedrifter med internasjonalt nedslagsfelt.

Låg verdiskaping kan mellom anna forklarast med at kommunen manglar dei bransjene som bidrar til høgast nasjonal verdiskaping som mellom anna olje og gass, finans og elproduksjon. Bransjar som har stor verdiskaping i Stad er fisk og havbruk, elektroindustri og handel.

3.) Bustadattraktivitet



Stad har samla sett vore bustadattraktive i siste ti-års periode. Nettoflytting, summen av flytting til og frå kommunen, har vore betre enn forventa utifrå strukturelle forhold som kor sentralt ein er plassert geografisk, nasjonal nettoinnvandring, arbeidsplassvekst i områder det pendlast til og demografisk vekst i sysselsetting. Samfunnet vårt har påverka eigen attraktivitet i positiv retning.

- 4.) **Rekruttering av rett kompetanse.** Kommunen har utfordringar med udekt arbeidskraft- og kompetansebehov både i privat og offentleg sektor. Det gjeld særleg kompetanse frå



vidaregåande/yrkesfaglege program, fagskule-utdanning og bachelor. Dei yrkesaktive innan yrkesfag i Vestland er blitt eldre, noko som vil legge ytterlegare press på arbeidskraftbehovet her. Kompetansemangel kan føre til ei stagnerande eller verste fall negativ næringsutvikling. Arbeidsplassvekst er ein viktig faktor for å tiltrekke seg innflyttarar. Ein nedgang i arbeidsplassar vil få tilsvarande tendens til utflytting. Mange bedrifter som har udekte kompetansebehov seier at dei mellom anna har hatt problem med å drive verksem, utsette eller skrinlegge utviding av verksem eller og har tapt kundar. I kommunal samanheng vil det betyr mindre kvalitet i tenesteyting, høgare kostnader til vikartenester og høg turnover av arbeidskrefter.

- 5.) Ulike moglegheiter å delta i samfunns- og arbeidsliv.** Dei fleste lever gode liv i Stad og i fylket vårt, men innbyggjarane har ulike føresetnader for å delta i samfunns- og arbeidsliv. Sosial ulikskap gjev ujamn livskvalitet og samfunnsdeltaking. Utanforskning avgrensar fort menneska sine livsmoglegheiter og kommunen sin tilgang på viktige ressursar i arbeidsmarknaden. Rundt 16% av unge vaksne i Stad kommune står utanfor arbeidslivet.



Sosial berekraft handlar om å gje innbyggjarar like moglegheiter til gode liv, då gode liv er ein føresetnad for eit robust demokrati og utvikling av arbeidsmarknaden og lokalsamfunna. Rundt 12 % av Stad kommune sin befolkning har innvandrarbakgrunn. Innvandring utgjer ein stor del av folketalsveksten. Lokalsamfunna sine evner til å inkludere innvandrarar i sosiale fellesskap er viktig for å oppnå integrering og redusere sosial ulikskap i helse.

- 6.) Klimaendringar, arealkonfliktar og tap av natur.** Menneskeskapte klimagassutslepp førar til ei global oppvarming, som igjen endrar klimaet vårt lokalt. I Stad utgjer utslepp frå sjøfart over halvparten av alle direkte klimagassutslepp frå kommunen. Andre store utsleppssektorar er jordbruk og vegtrafikk. Naturen er med på å absorbere ein stor del av utsleppa, og også dempe effekten av klimaendringar på samfunnet vårt. Til dømes er vestlandsnaturen sin evne til å binde store mengder vatn svært viktig. I kommunen kan vi vente ein vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, noko som fører til fleire regnflaumar, skred og utfordringar med handtering av overvatn.



Det er ingen tvil om at naturkrisa og klimakrisa heng tett saman. Interessekonfliktar mellom samfunnsutvikling og naturvern er ein trussel mot naturmangfaldet i kommunen. Utvikling og sikring av tilstrekkeleg utbyggingsareal gir ofte negative konsekvensar for klima, natur og miljø.

7.) Geografisk spreiing og identitetsbygging



Stad er ein langstrakt og spreiddbygd kommune med 120 kilometer reiseveg frå vestlegaste busetnad ved Stadhavet til dei austlegaste bygdene ved Hornindalsvatnet; og folk bur i heile kommunen. Dei store avstandane utfordrar oss på å kjenne fellesskap i heile kommunen. Å skape felles identitet og stoltheit saman med innbyggjarane, frivillige lag og organisasjonar og næringsliv, basert på vår eigenart og styrkar er viktig for å lykkast med å vere eit livskraftig samfunn.



8.) Sterk frivillighet og høgt aktivitetsnivå

Stad har ei sterk og brei samansett frivilligkeit med høgt aktivitetsnivå. Organisasjonane arrangerer eit svært breidd spekter av aktivitetar. Frivilligheita gjev innbyggjarane moglegheiter til å utfolde seg kulturelt, sosialt og fysisk, til å bidra i sitt lokal- og nærmiljø og til å delta i politikk og samfunnsliv. Samfunnet er stadig meir avhengig av å samskape for å løyse samansette utfordringar.


4 Satsingsområda i Stad kommune

Dette satsar vi på dei neste 4 åra!

Satsingsområda baserer seg på hovudutfordringane som er skildrar i kunnskapsgrunnlag, og viser Stad kommunestyre sine overordna prioriteringar knytt til den overordna samfunnsplanlegginga i kommunestyreperioden. Det er område som er kritisk for utviklinga av kommunen og der vi vel å rette ekstra innsats mot.

Som nemnt innleiingsvis er den kommunale planstrategien ikkje ein plan, men ein vurdering av strategiske satsingsområde og planbehovet knytt til desse. Det vil seie at ein ikkje finn mål og strategiar under satsingsområda. Desse er fastsett i dei ulike planane.

Inkluderande, aldersvennleg og livskraftig samfunn



Stad kommune skal vere ein stad der folk vil bu. Dette er ein føresetnad for å vere livskraftig. Vi må satse på innbyggjarane våre og frivillige lag og organisasjonar. Innbyggjarane skal føle på stadstilhørsle og bulyst. Vi ønskjer at innbyggjarane har like moglegheiter til gode liv og er aktørar i eigne liv gjennom heile livet. Å oppleve fellesskap, tryggleik, utvikling og moglegheit til å påverke er viktig for livskvaliteten. Integrering i arbeidsliv og fritidsaktivitetar er også viktig for alle innbyggjarar.

Kva planar bidrar til å oppnå dette?


Planar som i dag er førande og som framleis skal gjelde:

- Kommunedelplan for helse og omsorg
- Kommunedelplan for oppvekst
- Temoplan for kultur
- Lokal transportplan
- Bustadpolitisk handlingsplan
- Temoplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett
- KDP for kulturarv
- Frivillig politisk plattform
- Handlingsplan mot vald i nære relasjoner

Planar som utarbeidast i planperioden:

- Kommuneplanen sin arealdel
- Avgrensa revisjon av kommuneplan sin samfunnsdel
- Egedomsstrategi
- Digitaliseringssstrategi
- Reiselivsstrategi
- Plan for mangfold og inkludering
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan
- Smittevernplan
- Beredskapsplan for sin helse- og omsorgstjeneste

Berekraftig verdiskaping og kompetanse



Vestland og Stad har alle føresetnadar for å skape ny vekst, og Vestland kan ta ein leiande posisjon innan alle nye verdikjeder i «hav møter land»- industri. Vestland og Stad har eit stort potensiale i å utnytte ressursane og kompetansen til å utvikle nye og meir berekraftige verdikjedar innan t.d. opplevelingar, kulturarv, handel, stadutvikling og reiseliv. Framover må vi utnytte ressursane våre til å skape sirkulære verdikjedar basert på industriell symbiose, gjennom eksisterande næringar og ved utvikling av ny skipslei og nye næringar som følgje av Stad skipstunnel. Dei demografiske endringane, utfordringar med utanforskap og rekruttering krev sterkare samarbeidsstrukturar på tvers av verdikjeder og mellom forsking, utdanning og næringsliv både innanfor helse og teknologi.

Kva planar bidrar til å oppnå dette?

Planar som i dag er førande og som framleis skal gjelde:

- Lokal transportplan
- Bustadpolitisk handlingsplan
- Masterplan for reiseliv Nordfjord

Planar som utarbeidast i planperioden:

- Kommuneplanen sin arealdel
- Reiselivsstrategi
- Næringslivstrategi
- Hamnestrategi
- Kommunal eigedomsstrategi
- Kommunedelplan for Nordfjordeid sentrum

Redusere klimagassutslepp og ta vare på naturen



Klima og miljø er ein premiss for samfunnsutviklinga. Alle i Stad kommune skal kunne leve gode liv i eit lågutsleppssamfunn som er tilpassa eit klima i endring. Vi skal ta vare på naturen som vårt livsgrunnlag og dermed sikre velfungerande økosystem som også er viktig for å redusere klimagassutsleppa og skape eit klimarobust samfunn.

Kva planar bidrar til å oppnå dette?

Planar som i dag er førande og som framleis skal gjelde:

- Temaplan for klima
- Lokal transportplan
- Temaplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett
- Strategi for innkjøp
- Temaplan for vassforsyning, avløp og overvattn
- Plan for friluftslivet sine ferdselsårer

Planar som utarbeidast i planperioden:

- Kommuneplanen sin arealdel
- Avgrensa revisjon av kommuneplan sin samfunnsdel
- KDP naturmangfold
- Reiselivsstrategi
- Næringslivsstrategi
- Avfallsplan for hamner

Samskaping og tverrfagleg samarbeid



For å lykkast med dei ovanfor nemnde satsingar er vi nødt til å samarbeide og vere i tett dialog med aktørane i samfunn. Vi skal sjå utfordringar på tvers, jobbe tverrfagleg og samordne verkemiddel og ressursar for å finne meir effektive måtar å løyse utfordringane og utvikle kommunen. Samskaping handlar mellom anna om å identifisere problemet saman med dei det gjeld for å finne, velje og gjennomføre løysingar i lag. For å møte dagens og framtidas utfordringar må vi dreg i lag.

Kva planar bidrar til å oppnå dette?

Planar som i dag er førande og som framleis skal gjelde:

- Kommunikasjonsstrategi
- Frivillig politisk plattform

5 Behov planarbeid 2024-2028

Planarbeid i kommunestyreperioden 2024-2028 - Planar som skal vedtakast av politiske organ								
	Ny plan	Revisjon	Når skal arbeidet starte?	Plantype	Finansering (1-5)	Ressursinnsats 5 veldig høg, 4 høg, 3 middels, 2 nokså låg, 1 låg	Utarbeiding	
Kommuneplan sin arealdel		x	2025	KDA	5	5	Plan og forvaltning, Strategi og samordning, mm.	
Planvask – evaluering og oppheving av reguleringsplanar			2024		2	3	Plan og forvaltning	
KDP naturmangfold	x		2025	KDP	3	3/4	Plan og forvaltning	
Avgrensa revisjon av samfunnssdelen		x	2024 (haust)	KDS	1	3	Strategi og samordning,	
Kommunal eigendomsstrategi	x		2025	S	1	3	Eigedom, Strategi og samordning, KOMTEK	
Plan for mangfold og inkludering	x		2026	TP	1-2	4	Opplæring og integrering, Kultur, Oppvekst, Strategi og samordning, Personal og kommunikasjon, NAV	
Reiselivsstrategi		x	2025 (vinter 24/25)	S	3	3	Strategi og samordning,	
Næringslivstrategi		x	2025 (vinter 24/25)	S	3	3	Strategi og samordning,	
Digitaliseringsstrategi	x		2025	S	2	2/3	Personal og kommunikasjon, Strategi og samordning	
Rusmiddelpolitisk handlingsplan		x	2024 og vinter 2027/28	FP	1	2	Strategi og samordning,	
Avfallsplan for hamner		x	2024	FP	1	1	KOMTEK, Strategi og samordning, Plan og forvaltning	
Smittevernplan		x	2025	FP	1	1	Strategi og samordning	
Beredskapsplan for sin helse- og omsorgstjeneste		x	2026	FP	1	2	Helse og omsorg, Strategi og samordning	

Reguleringsplaner	Når skal arbeidet starte?	Plantype	Finansering (1-5)	Ressursinnsats 5 veldig høg, 4 høg, 3 middels, 2 nokså låg, 1 låg	Ansvarleg for utarbeiding
Kommunedelplan/ Områderegulering Nordfjordeid sentrum	2025	KDP	4/5	4/5	Plan og forvaltning, Strategi og samordning
Langelandsåsen – reguleringsendring	2025	R	1	2	Plan og forvaltning
Detaljregulering for reinseanlegg i Selje	2024	DR	3	4	Plan og forvaltning
Detaljreguleringsplan for kommunalt bustadfelt - Haugen krins	2025	DR	4/ 5	3	Plan og forvaltning

Oversikt over planar under arbeid finn du her: [Stad kommune si heimeside – planer i arbeid](#)

6 Vedlegg:

- 6.1 Vurdering av planbehov - grunnlagsdokument**
- 6.2 Forventingar til kommunen si planlegging - grunnlagsdokument**
- 6.3 Stad 2024 – Status og utviklingstrekk - kunnskapsgrunnlag**
- 6.4 Plansystem i Stad**